



Marc, Sergi og Jordi beundrar Uskedalsfjella frå Sandakaien.

På sykkelturen i dag svinga eg nedom Sandakaien. Der trefte eg på tre hyggelege karar, Sergi Herrero (31år), Jordi Casanovas (41) og Marc Sureda (33). Dei tre var i ferd med klestørk etter dagens herlege bad medan dei slappa av og nytte det strålande haustveret på Sandakaien.



[Dei tre katalanarane var svært fornøgte etter klatringa i Uskedalsfjella.](#)

Dei tre fortalde at dei no var på ein Norges-ferie på rundt 4 veker. Svært sentralt i programmet deira var besøk i dei norske fjella, og klatring i dei. Det var tre erfarne klatrarar, og dei fortalde at dei tidlegare hadde besøkt fjellområde i store deler av verda. Argentina, Italia og Marokka var land som vart nemnt i samtalen. Dei bur i Barcelona og er også svært fornøgte med klatremulighetene i nærmiljøet. Dei nemner både Pyrenéene og Mont Serrata som flotte klatreområde. Når eg spør om yrke, så er ein av dei gartnar medan dei to andre er klatrarar. På Norges-turen fortel Sergi at dei til no har besøkt mellom anna Trollveggen, Jotunheimen og Romsdalsalpane før dei kom til Uskedalen.

'It's a great country,' seier Sergi, og vi ser det lyser frå andletet på dei tre. Her i Uskedalen har dei budd i telt, og dei har klatra både i Eikedalen og i Ulvanåso. Tirsdag hadde dei vore heilt til topps på Ulvanåso. Først klatra dei ei rute, og deretter gjekk dei til topps.

Dei himlar med augene når dei beskriv den vakre utsikten i alle retningar. Deretter slår Sergi seg på låra og seier at han er heilt 'øydelagt' i dag, men legg smilande og fornøgd til at det var vel verd det etter den fantastiske opplevinga dei hadde.

Stunda på Sandakaaien var avslutning på det svært vellukka Uskedalsbesøket. Dei dreiv og planla siste veka og turen vidare. Ingenting var bestemt, men dei var landa på enten Nissedal eller Setesdalen. Vi seier god tur vidare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Sergi Herrero Fernandez og Thor Inge Døssland



God klestørk på Sandakaien i finveret. Sergi(t.v.) og Jordi.